



Hillesvåg Ullvarefabrikk AS

Leknesvegen 259

5915 HJELMÅS

Referanser:

Dykker:

Vår: 15/1423 - 15/22268

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen

ftm@lindas.kommune.no

Dato:

15.06.2015

## SØKNAD Næringsfondet

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

*Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påkliga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Tove Mette Arnø Fyllingen  
avdelingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*



Andre mottakarar:

Hillesvåg Ullvarefabrikk AS

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
045/15	Formannskapet	PS	11.06.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Øystein Sørhaug	15/1423

## Søknad om stønad til marknadsførings- og profileringstiltak for Hillesvåg Ullvarefabrikk AS

### Vedlegg:

SØKNAD NY NæringsfondetHillesvåg merkeidentitet og ny samarbeidslinjeHillesvåg  
Ullvarefabrikk\_Årsregnskap 2013Hillesvåg\_budsjett\_innovasjon\_norge

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune ved næringsfondet støttar søknaden frå Hillesvåg Ullvarefabrikk med 100.000kr. Midlane skal gå til prosjektet «fornyng av merkeidentitet og ny samarbeidslinje».

### Formannskapet - 045/15

#### FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

#### FO - vedtak:

Lindås kommune ved næringsfondet støttar søknaden frå Hillesvåg Ullvarefabrikk med 100.000kr. Midlane skal gå til prosjektet «fornyng av merkeidentitet og ny samarbeidslinje».

#### Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i formannskapet

Hillesvåg Ullvarefabrikk vart etablert i 1898 og har i dag 20 tilsette. Det er ei tradisjonsrik familieverksemد som i dag vert driven av fjerde generasjon. Fabrikken produserer handarbeidsgarn og karda ull til toving og er anerkjend for si høge handverksmessige kvalitet. Hillesvåg Ullvarefabrikk er unik fordi det er den einaste tekstilbedrifta i landet som har over 100 år gamalt produksjonsutstyr intakt og i full drift.

Hillesvåg Ullvarefabrikk ÉCONOMUSÉE er medlem av Norsk Kulturarv. I 2013 vart Hillesvåg Ullvarefabrikk eit Économusée. Eit Économusée er eit konsept der ein kombinerer kultur, handverk og turisme for å skapa eit meir bærekraftig økonomisk grunnlag for verksemda, slik at tradisjonelt handverk skal kunne overleve og skapa nye arbeidsplassar.

Til etablering av Économusée-satsinga støtta næringsfondet Hillesvåg Ullvarefabrikk med 250.000kr (FO-sak 40/14).

Hillesvåg Ullvarefabrikk søker no om økonomisk støtte til eit nytt prosjekt, som handlar om marknadsførings- og profileringstiltak. Prosjektet har fått følgjande arbeidstittel: «fornying av merkeidentitet og ny samarbeidslinje».

Prosjektet har ein totalkostnad på 402.000kr og verksemda søker 100.000kr frå næringsfondet (25% av totalkostnadane).

*Bakgrunn for prosjektet:*

Prosjektet er ein del av Hillesvåg Ullvarefabrikk si målsetning om å vidareutvikle bedrifa for å kunne oppretthalde og skape fleire arbeidsplassar i kommunen vår. Verksemda ynskjer å gjennomføre ein total fornying av sin merkevareidentitet – dette for å imøtekommne tydelege endringar i kundeåttferd og markedet for kjøp/sal av garn og ull.

Dei siste åra har markedet for garn og strikkeprodukt hatt ein eksplosiv vekst, og verksemda ser at fleire av dei store aktørlane på markedet har investert tungt i livsstilsrelaterte initiativ – som magasin, designsamarbeid og redesign av grafisk identitet.

Hillesvåg Ullvarefabrikk er ein av få garnprodusentar som framleis produserer garn og ull i Norge – med hovedfokus på norsk ull. Verksemda ynskjer å gjennomføre dette prosjektet for å kunne vere konkurransedyktig med garnleverandørar som ikkje lenger produserer i Norge, og som dermed har produkt som er lågare prisa enn sine produkt.

Vidare ynskjer verksemda å utvikle eit tettare designsamarbeid med norske designarar for å byggje identitet inn mot nye kundegrupper og fleire butikkar nasjonalt og internasjonalt. For å få til ein slik identitetsheving og for å bli ein sterk og tydeleg aktør ser verksemda behov for å hente inn ekstern kompetanse for å hjelpe til i denne fornyingsprosessen. Verksemda ynskjer å inngå i eit konsulentsamarbeid med menneska bak merkevaren «Ætt».

Eit av føremåla med næringsfondet til Lindås kommune er vere eit verkemiddel for å:

- Fremje, styrke og profilere næringsliv og sysselsetting i kommunen

Ei målsetting for fondet er å:

- Skape fleire nye bedrifter og arbeidsplassar, samt vidareutvikle eksisterande bedrifter i kommunen

Næringsfondet til Lindås kommune skal spesielt prioritera kompetanseheving, marknadsføring/profilering og samarbeidstiltak. Vidare står det i retningslinjene at næringsfondet skal spesielt støtta:

- Tiltak i eksisterande bedrifter som kan føre til økt sysselsetting
- Opplæring, marknadsføring, produktutvikling, kompetanseutvikling og planlegging
- Fondet kan støtte omstilling/endringstiltak som kan bidra til vekst og utvikling
- Tiltak som fremjar nyskaping og innovasjon
- Tiltak som fremjar samarbeid mellom bedrifter (nettverk)

Prosjektet vil tilfredsstilla alle desse kriteria.

Prosjektet representerar eit viktig innovasjonsarbeid for å finne ut kor verksemda kan ta ein strategisk posisjon for å skape seg eit konkurransefortrinn i marknaden. Verksemder som lukkes med produktdifferensiering har ein større moglegheit for å lukkast, og vellukka

merkevarebygging og designsatsing kan gje økt kundelojalitet og høgare pris. Dette er eit viktig strategisk grep for å styrke bedrifta mot angrep frå konkurrentar, spesielt lavprisprodusentar i andre land.

Prosjektet har ein klar kunnskapsoppbyggingsdimensjon, både med tanke på at prosjektet skal leiga inn konsulentressursar, samarbeida med designressursar og fordi Innovasjon Norge også er tiltenkt som ein samarbeidspartnar i prosjektet. Innovasjon Norge har mykje å bidra med når det kjem til beste praksis på merkevarebygging og designarbeid.

Strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim kommunar (2011-2020) trekk også opp «reiseliv, turisme og opplevelse» som eit sentralt innsatsområde, samt også eit innsatsområde om «vidareutvikling av kultur- og aktivitetsregionen». Begge desse innsatsområda vil verte støtta opp om, og positivt stimulert, som følgje av dette prosjektet.

Lindås kommune vil anbefala at bedriftens (nye) immatrielle rettighetar vert vurdert IPR-beskytta, spesielt designregistrering, varemerkeregistrering, domenenavn og foretaksnavn kan vere interessant, evnt åndsverk også.

Lindås kommune synes prosjektet fremstår som spennande og ynskjer lukke til med eit viktig marknadsføringsprosjekt.

Lindås kommune ynskjer difor å støtta prosjektet med det omsøkte beløpet på 100.000kr (25% av totale prosjektkostnadene).

Tilskotet kan betalast ut på forskot, då ber me om å få tilsendt eit kontonummer. Lindås kommune ynskjer også ein enkel oversikt som viser kva pengane er brukt på, etter at prosjektet er ferdig.

Lindås kommune ynskjer lykke til!

Saldo på næringsfondet pr 28.3.15 er 492.953 kr.